

Sosial forskjellsbehandling i rettsoppgjøret

104827

Landssvikoppgjøret hadde sterke element av sosial forskjellsbehandling. Dei fleste av dei store entreprenørane som tente mange millionar på arbeid for tyskarane, slapp fengselsstraff etter krigen. Dei små entreprenørane som var «dumme» nok til å skaffe seg NS-medlemskap, fekk gjerne fleire års fengselsstraff.

OTTAR FYLLINGSNES

Dette er hovudkonklusjonen i Dag Ellingsens nye bok «Krigsprofittørane og rettsoppgjøret». Ellingsen er magister i sosiologi. Han har arbeidd som journalist i Økonomisk Rapport og er no amanuensis i kriminologi.

I boka har han teke for seg bygg- og anleggsbransjen. Ellingsens viktigaste kjelder er Landssvikarkivet, men for å finne namnet på entreprenørane har han måtta gå vegen om avisene frå etterkrigstida. I boka opererer Ellingsen med namn på dei store entreprenørane, medan dei små er anonymiserte. Så langt har det vore skrivne svært lite om krigsprofittørane og deira opplørsel under krigen.

Høyer-Ellefsen størst

I boka har Ellingsen blant anna teke for seg Høyer-Ellefsen, ein av dei store entreprenørane som hadde arbeid i mange delar av landet under krigen, men han har også sett nærare på mellomstore og mindre entreprenørar frå Telemark.

Like etter at tyskarane hadde gått til åtak på Noreg, var norske entreprenørar i full gang med å bygge ut norske flyplassar for tyskarane.

Høyer-Ellefsens flyplassbygging under krigen var svært krigsviktig. Bygginga medverka til ein meir effektiv okkupasjon og ei svekking av dei allierte sine strategiske muligheter i Verdskrigen, hevdar ein militær sakkunnig som Ellingsen siterer i boka.

Då krigen braut ut hadde Høyer-Ellefsen fått entreprenørarbeid på Sola og Forus flyplassar ved Stavanger. Den 23. april byrja selskapet på det langvarige og godt betalte arbeidet. Norske arbeidsfolk stod i kø for å delta. Ein viktig del av arbeidsstokken var 600 nordmenn som var tekne som krigsfangar av tyskarane. På det meste hadde Høyer-Ellefsen og samarbeidspartnørane 4500 mann i arbeid med å bygge flyplassar for tyskarane i dette distriktet. I utbygginga av norske flyplassar deltok vanlege norske arbeidadar saman med nordmenn som vart tekne som krigsfangar av tyskarane.


Driv krigsfangar

Norske entreprenørfirma gjekk så langt som å drive og kontrollere norske krigsfangar i tysk arbeid og gje dei løn, skriv Ellingsen i boka.

Entreprenørselskapet likte dette dårleg, men dei gjorde det, seier han.

I boka di har du eit kapittel som heiter «Tving oss, vær så snill?»

Entreprenørselskapa prøvde å få omforma kontraktar som kunne verte ubehagelige for dei etter krigen. Dei la vekt på å få tyskarane til å reformulere



OPPORTUNISTANE: Norske entreprenørfirma gjekk så langt som å drive og kontrollere norske krigsfangar i tysk arbeid og gje dei løn, skriv Dag Ellingsen i boka «Krigsprofittørane og rettsoppgjøret».

det vart innført amnesti og straffane vart sette ned for ein del grupper. I ein slik atmosfære skulle dei økonomiske krigsprofittørane få sin dom. Dei fleste store fekk sakene sine lagt bort. Dei som vart domde fekk berre eller svært korte fengselsstraffer. Dei små entreprenørane med NS-bakgrunn fekk eit år eller to i fengsel. Den strengaste dommen var om lag 4-5 år.

Korleis kunne ein forsvere det urettferdige i dette?

Rettsapparatet såg nok ikkje oppgjøret under eitt. I Danmark gjorde ein det motsett av det som vart gjort her i Noreg. Dei tok dei største først, men så skar det seg fullstendig. Dei viste seg at dei store entreprenørane hadde skaffa klarsignal frå toppen til å ta på seg arbeid for tyskarane. Dette førte til at heile det danske oppgjøret snubla i starten. Av di ein prøvde seg først på dei store, vart dei små behandla betre i Danmark enn i Noreg. Hadde vi vald same framgangsmåte her, kunne vi lett ha fått same resultat som danske, seier Ellingsen.

Salomo og Hattemakar

I boka har Dag Ellingsen kalla eit kapittel Kong Salomo og Jørgen Hattemakar. Korleis gjekk det med to toppleiarane i Høyer-Ellefsen i møtet med rettsapparatet etter krigen og korleis gjekk det med småentreprenørane? spør han. Vart dei straffa ut frå omfanget av økonomisk hjelp til fienden? Vart straffene utmålte slik at dei som var dårlegast føredøme for andre, vart straffa hardest? Vart straffene utmålte ut frå kor viktige entreprenørtenesta var for krigens gang? Vart dei straffa etter storleiken på pengepungen?

Dag Ellingsen svarar nei på alle spørsmåla.

Etter krigen vart dei økonomiske landssvikarane behandla mildare enn dei som Ellingsen vel å kalle ideologiske landssvikarar. Berre 777 av 3355 straffedomde økonomiske landssvikarar fekk fengsel eller tvangsarbeid. Litt meir enn kvar femte profittør fekk fengselsstraff, medan meir enn kvar tredje straffa i heile oppgjøret måtte tåle innesperring. *Einige som først hadde forsett på å gå i fengsel, blei nå tvunget til å gå i fengsel.*

kontraktane slik at entreprenørarbeidet framstod som «befehl». Var entreprenørane tvinga til samarbeid, kunne dei etter krigen skjule seg bak internasjonal krigsrett slik han var forma i Haag-konvensjonen av 1907 som godtok tvangsarbeid for okkupantar. Slik oppfatta entreprenørane det i alle fall sjølve. Etter kvart greidde dei å reformulere kontraktane, men den interne korrespondansen frå byrjinga av krigen viste at Høyer-Ellefsens arbeid for tyskarane kom i gang på frivillig basis.

Det var ikkje nødvendig å tvinge nordmennene til samarbeid, uttalte tysk personale som hadde med bransjen å gjere. Både arbeidsfolk og entreprenørar stod klar til å ta dei jobbane som var ledige. Var det somme som sa nei, stod det andre i kø. Dette var eit problem for bransjen også. Entreprenørane visste at dersom ikkje dei tok jobben, kom andre til å gjere det.

I boka viser du til prestane og lærarane som sørge for organisere motstanden innan sine bransjar. Det gjorde ikkje entreprenørane?

Det skuldast nok delvis entreprenørane sine organisasjonar, men dei hang også saman med at det var ei semje i samfunnet om at hjula måtte haldast i gang. Dessutan hadde tyskarane sterke interesser av å frede næringslivet. Då dei sette saman den første nazi-regjeringa, passa dei på fordele dei økonomiske postane til folk som ikkje var NS-folk.

Nesten alle samarbeidde

Samarbeidde også andre store entreprenørar enn Høyer-Ellefsen med okkupasjonsmakta?

Nesten alle dei store gjorde det. Av det materialet eg sit på, var det berre

ein av dei relativt store, Ragnar Evenesen, som var standhaftig heile vegen. Etter krigen vart han vild til formann i Entreprenørernes Landsforening.

Høyer-Ellefsen var den største norske entreprenøren både før, under og etter krigen. Høyer-Ellefsen stod for det mest intime samarbeidet med tyskarane. Dei gjekk inn i eit samarbeid med to store tunge tyske entreprenørselskap og fekk på den måten mange oppdrag. For Høyer-Ellefsen var dette ein smart strategi på å kome seg ut av det direkte kontakten med dei tyske militære byggherrane, og dette hjelpete dei i etterkrigstida, skriv Ellingsen.

Rettsoppgjøret

I «Krigsprofittørane og rettsoppgjøret» er Høyer-Ellefsen-direktøren ein sentral figur.

Etter krigen hamna han i varetekt, men han slapp ut etter kort tid. Den gongen trudde folk flest at det var fleire av dei store som ville få ei langt tøffare behandling enn dei fekk etter kvart. Men kva skjedde? Dei store bygde gradvis opp argumentasjonen sin. Dei bruka advokatane sine flittig. Samstundes fann dei stad ei medvitsendring hjå styresmaktene og i opinionen om kva som skjedde i den første fasen i krigen. Like etter freden hugsa folk berre motstanden på slutten av krigen. Dei gløyndet snøgt kva som skjedde i byrjinga på krigen. Dønn gjenoppbygginga av samarbeidsanda kom først og fremst profittørane til gode.

Dei ideologiske landssvikarane fekk relativt raskt sine dommar, medan dei store økonomiske landssvikarane ikkje vart domde før i 1949-50, og då hadde mykje av lufta gått ut av ballongen. Heile apparatet var begynt å gå troytt,